

Dalheim/Singerheimen

Kulturhistorisk vurdering



Den kulturhistoriske vurderinga er ei oppfyljing av møtet med styret i Stiftinga Singerheimen i Førde 13. mai 2016. Der fylkeskommunen lova å ta ein gjennomgang av bygningane sine antikvariske verdiar og skissere handlingsrommet for kvar det kan vere mogleg å tilpasse til ny bruk utan at dei kulturhistoriske verdiane i vert forringa. Rapporten er i hovudsak basert på synfaring til Dalheim 6. juni 2016 og foto som vart tatt under synfaringa, samt ei enkel kjeldegranskning. På synfaringa deltok i tillegg til fylkeskommunen Jostein Fredheim og Vigdis Loftesnes frå stiftinga. Dersom ikkje anna er oppgitt er alle bilete i rapporten tatt av Arlen Bidne ved Sogn og Fjordane fylkeskommune 6. juni 2016.

Dalheim er ein svært spesiell og kulturhistorisk verdifull eigedom i Sogn og Fjordane og i eit langsiktig perspektiv bør eigedomen undersøkjast og dokumenterast grundigare enn det som er gjort i denne rapporten. Mellom anna bør det gjerast eit arbeid på å få dokumentert i størst mogleg grad korleis villaen og bungalowen var på den tida ekteparet Singer budde der. Det har vore gjort endringar i interiøret på villaen etter at fru Singer døydde i 1962, mellom anna vart mykje av møblane og mange gjenstandar testamentert til Vestlandske kunstindustrimuseum. Dei vart frakta dit og utstilt i egne rom der i 1963. I tillegg vart mange rom i villaen måla oppatt. I eit vidare arbeid med å dokumentere eigedomen vil det etter vår vurdering vere hensiktsmessig å samarbeide med Vestlandske kunstindustrimuseum og få tilgang til det dei har av dokumentasjon av husa og gjenstandane frå Dalheim. Dersom det vert aktuelt å oppgradere dei inngrepa som har blitt gjort etter at fru Singer døydde kan ei tilbakeføring av korleis romma opphavleg var, vere ei god løysing. Dette krev då at det vert gjort ei undersøking av romma for å dokumentere korleis dei opphavleg var slik at ein har eit godt grunnlag for ei tilbakeføring.

Kulturhistorisk vurdering

Bakgrunn


Villa Dalheim vart reist i 1921. Det vert sagt at det var fru Singer som teikna huset, men sannsynlegvis har ho skissert opp kva ho ville ha og så har arkitekt Jens Munthe Bull frå Bergen teikna det. Teikningane av villaen er signert han. Anlegget er bygd opp over tid, med Studio (Singer sitt atelier) som første byggetrinn i 1914 medan dei framleis budde på Yris hotell, der dei etter kvart fekk bygd seg sin eigen fløy. I 1921 vart villaen reist og dei kunne flytte inn i sitt eige hus. Etter kvart vart dei andre husa i tunet bygd, og dei fortsatte å bygge nye hus i tilknytning til eigedomen fram til siste halvdel av 1940-talet. I dag består eigedomen av villaen, tenarbustad/drengestove, kafe/matrom til tenarane med eldhus, utedo, stabbur, fjøs med låve, bungalow, vedhus, jordkjellar, Studio og mausoleum. Tidlegare var det også drivhus i tilknytning til vedhuset samt to frittstående drivhus og eit eige ishus, desse er i dag vekke. Ein eigen tenarbustad med uthus Fredheim, vart bygd i 1941. Fredheim vart skilt ut av eigedomen i 1946 og seld til Klara og Sivert Muri som begge arbeidde på Dalheim.

Eigedomen er heilskapleg utforma og eit av særtrekka ved den er fargevalet. Dei mange mintgrøne bygningane, saman med utforminga av villaen, bungalowen og fjøset/låven syner tydeleg til at eigar har hatt eit heilt anna utgangspunkt og bakgrunn enn det som vi elles finn på Vestlandet. Dei øvrige bygningane i tunet er meir av den tradisjonelle typen bygningar som vi finn elles i området, men fargevalet skil dei vesentleg frå det som var vanleg.

Villaen og bungalowen var bygd som sommarhus og med unntak av tida under 2. verdskrig har dei vore brukt i sommarhalvåret, då Singer tilbrakte vintrane i Nederland. Sjølv om ekteparet Singer ikkje brukte Dalheim heile året var det fleire heilårstilsette som dreiv garden.

Det har blitt gjennomført få endringar i bygningane sit eksteriør og planløsning på bygningane og fleire av dei har det opphavlege interiøret bevart noko som gjev anlegget ei høg grad av autentisitet.

Etter at fru Singer døydde i 1963 vart mykje av det mest verdifulle interiøret testamentert til Vestlandske kunstindustrimuseum. Der vart det innreia fleire rom som viste korleis Singer levde i Olden. Ei fylje av dette er at villaen er noko enklare og mindre møblert i dag enn då ekteparet Singer budde der. Likevel er det bevart mykje møblar, måleri og mindre gjenstandar som gjer at vi i dag kan få eit inntrykk av korleis ekteparet Singer levde her.



Figur 1. Kartutsnitt som syner bygningane i tunet på Dalheim/Singerheimen. Kartutsnitt henta frå Fylkesatlas. 1. hovudhuset, 2. tenarbustad/drengestova, 3. stabbur, 4. kafeen/ matrom for tenarar med eldhus i bakre del, i forlenging av eldhusdelen er det også ein utedo til tenarane, 5. driftsbygning, 6. vedhus, 7. bungalow, 8. Studio, 9. gravkapell/mausoleum, 10. bustadhus på Fredheim og 11. uthuset til Fredheim. Fredheim vart skilt ut frå Dalheim og seld i 1946.

Tunet og hagen

Strukturen til anlegget på Dalheim er organisert ut i frå villaen som ligg som det naturlege midtpunktet i anlegget. Ser vi på strukturen i anlegget er bygningane gruppert i tre grupper samt driftsbygningen som står litt for seg sjølv. Fredheim, som i dag er skild ut som ein eigen eigedom, var då den vart bygd ei fjerde gruppe bygningar i anlegget. Gruppene består av 1. Studio og gravkapellet som ligg lengst nede i dalen, 2. villaen med stabbur, tenarbustad, kafé og ishus som den sentrale delen av anlegget og 3. bungalowen og vedhuset som den siste bygningsgruppa. Mellom dei ulike

bygningssgruppene går vegen. Tidlegare var det også ein gangveg frå Studio og opp til hovudinngangen til villaen.

Villaen si plassering på ein liten høgde i landskapet samt storleiken gjer den til den mest dominerande av husa i tunet. Bak villaen var nyttebygningane knytt til hushaldet plassert, tenarbustad, stabbur, kafeen og ishuset. Desse fire små bygningane er plassert tett saman og dannar ei gruppe med trekk tilbake til dei gamle klyngetuna på Vestlandet. Driftsbygningen står for seg sjølv litt lenger oppe i bakken eit stykke i frå tunet. Ei plassering som skjermar hovudhuset frå lukt og støy frå dyra. Eit stykke nord for driftsbygningen ved dagens eigedomsgrense er vedhuset og bungalowen plassert på kvar si side av vegen. Lenger nede i dalen i framkant av hovudhuset ligg Studio og gravkapellet, også desse bygningane underordnar seg bygningane i hovudtunet.

Med unntak av Studio og gravkapellet har anlegget eit heilskapleg uttrykk sjølv om det består av mange svært ulike hus. Ved at alle bygningane var bygd i tre, og kledd med liggande kledning (med unntak av driftsbygningen) samt ved å bruke den same mintgrøne fargen på alle bygningane skapte ekteparet Singer eit heilskapleg anlegg.

Studio og gravkapellet skil seg frå dei andre bygningane i farge val. Når det gjeld gravkapellet er også bygningsmaterialet annleis enn på dei andre bygningane i anlegget. I fargevalet skil dei seg frå resten av tunet samstundes som dei harmonerar med kvarandre og dannar såleis ei eiga bygningsgruppe i anlegget. Studio og gravkapellet representerer byrjinga og slutten på ekteparet Singer sin byggeaktivitet i Olden.



Figur 2. Tunet sett frå nord. Der vi ser baksida av hovudhuset, lengst til venstre er stabburet og framfor det ligg tenarbustaden/drengestova. Kafeen er skjult bak treet til venstre.



Figur 3. Hovudhuset og hagen sett frå Studio. Lengst til venstre er taket på vedhuset og til høgre vises litt av taket til tenarbudstaden og kafeen. Foto frå 2015.



Figur 4. Tunet sett frå vegen ved Studio. Villaen til venstre. Lengst til høgre er låven. Mellom driftsbygningen og villaen ser vi kafeen og litt av taket på tenarbustaden. Inngangen til jordkjellaren er lengst til høgre i muren. Foto frå 2015.



Figur 5. Bungalowen og vedhuset sett frå vegen frå driftsbygningen.



Figur 6. Gravkapellet og Studio. Foto frå 2015

I tillegg til bygningane var hageanlegget ein viktig del av eigedommen. Delar av arealet vart brukt til slåttemark, men omkring villaen og bungalowen vart det bygd opp ein vakker hage. Ved villaen er hagen terrassert opp ved hjelp av store bakkemurar og beplanta. Mykje av hageanlegget er framleis

bevart på aust- og nordsida av villaen, men hageanlegget slik det framstår i dag er sannsynlegvis ein del forenkla frå den tida ekteparet Singer budde her.

Villa (1921)



Figur 7. Vestsida av villaen. trappa til høgre leiar opp til hovudinngangen.

Utforminga av villaen skil seg vesentleg frå den samtidige villaarkitekturen i Noreg. Med sitt låge langstrakte preg, og mange samansatte volum flyt den ut over og glir inn i det storslåtte landskapet i Olden. Bilvegen går opp til kjøkkeninngangen og tidlegare var det ein gangsti frå Studio og opp til hovudinngangen. Ein gangsti gjekk og frå tunet ved kjøkken inngangen rundt på framsida av huset og til hage- og hovudinngangane. Karakteristisk for villaen er det låge langstrakte preget, dei mange småruta vindauga og dei store taka med svært open takvinkel og flate takopplett på begge langsiden. Den skarpe mintgrønefargen på villaen og dei andre bygningane er eit framandelement i vestlandsarkitekturen og bidreg til at huset skil seg frå dei tradisjonelle bygningane i området.

Villaen har mange fellestrekk med samtidige amerikanske herskapshus og vi finn her klare trekk frå den samtidige prairie arkitekturen som vart utvikla i Midtvesten på byrjinga av 1900-talet. Typiske kjenneteikn på prairie arkitekturen er dei horisontale linjene, nokså flate valma tak med store takutstikk som pregar bygningen og vindauga som går i horisontale bånd. Samhandling mellom bygning og landskap, solid konstruksjon og høg kvalitet i material og handverk, i tillegg til ein begrensa bruk av dekor er andre typiske trekk frå denne stilen.

I villaen på Dalheim finn vi tydeleg att det horisontale preget, dei store taka med ein låg takvinkel samt vindaugsbånd i delar av eksteriøret, slik vi til dømes ser det i hagestova. I tillegg så er material- og handverkskvaliteten på både villaen og dei andre husa svært høg. Dekoren på bygningen er svært begrensa og knytter seg i hovudsak til dekor på ytterdørene sine fyllingar som har fått ein svært enkel geometrisk dekor. Samansettinga av dei ulike bygningsvoluma med ulik høgdeform og takvinkel,

samt bruken av karnapp i enkelte rom er med å gje huset ei variert form som igjen peikar mot dei amerikanske prærie husa frå same tid. Ut i frå heilskapen i villaen si utforming er det nærliggande å sjå på villaen som ein noko forenkla og fornorska versjon av Midtvesten sine præriehus.

Kjellaretasjen er bygd i teglstein medan resten av huset er i tre og kledd med liggande vestlandspanel. Skifertaket er halvvalma med ein svært open takvinkel og dei ulike delane av bygningskroppen har ulik takhøgde noko som er med å gje huset eit lågt og langstrakt preg, samstundes som det i dei låge veggane mellom takflatene er sett inn vindauga som gjev lys til romma i andre etasje. Huset har mange småruta vindauga, som gjev mykjelys inn i romma innanfor.

Huset er bygd opp med ei klår klassedeling mellom dei som budde i huset og dei som arbeidde der. Første etasje var produksjonsetasjen, med kjøkken, spiskammers, vaskerom, meieri, vinkjellar og soverom til tenestefolka. Frå kjellaren gjekk det ei trapp opp til 1. etasje der ein kom rett opp i ein stor anretning. Spisestova låg vegg i vegg med anretningen og frå den kjem ein vidare inn til den innebygde verandaen som i dag er innreia som spisestove. Langs sørfasaden med utsikt over Olden og fjorden ligg kabinettet og peisestova. Begge desse romma har ein stor mura peis som ein viktig del av det faste interiøret. Første etasje vart måla oppatt ein gong etter 1962.

Soveromma er plassert på baksida mot tunet. I første etasje er det tre soverom kvar med eige bad. Hr. og fru Singer hadde kvart sitt soverom og husvenen Jaap Dooijewaard hadde det tredje soverommet. I andre etasje var det to gjesterom, i dag omtala som konge- og dronningrommet, samt eit bad. I tillegg var det her tidlegare eit atelier til Dooijewaard. Atelieret vart delt opp og bygd om til soverom etter at fru Singer døydde og huset fekk ny bruk. Andre etasje hadde og ein del loftsrom som vart brukt til lager. Delar av desse har i dag fått ny funksjon som soverom og bad.

Interiør: kjellar

I kjellaren er mykje av planløyninga framleis bevart og fleire av romma er godt bevart frå den tida ekteparet Singer budde i huset. Av særskild interesse er kjøkkeninnreiinga, vinkjellaren, vaskekjellaren, meieriet og spiskammeret. Mykje av kjøkkeninnreiinga er framleis bevart saman med dekketøy og liknande som var i bruk av Singer. I vinkjellaren ligg det framleis att vinflasker frå Singer si tid i huset. Spiskammerset er bevart med både den faste innreiinga og lause gjenstandar som høyrde til her frå opphavleg. Spesielt interessant er at hermetikk og andre matvarer framleis er bevart frå ekteparet Singer si tid i huset. Fru Singer var svært nøyen på hygien, i samband med mjølkeproduksjonen synes dette att i planløyninga for kjellaren der det var teikna inn eit eige mjølkerom med kjølerom. Dette er framleis bevart og det er viktig at det også vert bevart for framtida.

Interiør: 1. etasje

Første etasje var den delen av huset der ekteparet Singer budde. Etasjen er organisert rundt tre aksar/gangar, den eine frå hovudinngangen i sør, og to parallelle aksar som går aust/vest, desse to aksane består av hallen mot sør og ein smalare gang mot nord. Mellom desse er trappa opp til loftsetasjen plassert.

Mot sør var den representative delen av huset plassert med hovudinngangen og fleire stover, i tillegg til eit kontor. Frå alle stovene og kontoret er det ei storslagen utsikt over Olden og fjorden. Den private delen var plassert på nordsida av hallen og består av tre soverom, kvart med eige bad. Frå kjellaren gjekk det trapp direkte opp til anretningen som låg vegg i vegg med spisestova. I tillegg

til trappa frå kjellaren var det og ein matheis som gjekk direkte frå kjøkkenet og opp til anretningen. Interiøret i anretningen er i dag prega av 1960-talet, men matheisen er framleis bevart. Mykje av møblar og gjenstandar er bevart i første etasje frå den tida ekteparet Singer budde her. Både stovene, soveromma og bada har framleis bevart ei rekkje møblar og andre lause gjenstandar frå den tida ekteparet Singer budde her. Noko som gjev oss eit unikt innblikk i det livet som vart levd på Dalheim. Dette er ei verdifull primærkjelde til livet på Dalheim i tillegg til det faste interiøret i villaen.

I 1921 var det uvanleg å ha bad med vatnklosett inne i husa. Dei til saman fem bada på Villa Dalheim kan sjåast som eit teikn på den store rikdomen til ekteparet Singer og på deira krav til komfort. På denne tida var det vanleg å bygge hus med bad i USA og det var naturleg for dei å ta dette med når dei bygde seg hus i andre land.

Interiør: loftsetasje

Dei to opphavlege gjesteromma var i 2 etasje. Begge romma er godt bevart med sitt opphavlege møblement. Romma er store med synlege bjelkar i taket. På begge romma var planlagt med ei eiga nisje til handvask og det er framleis vask her i dag. Overflatene på tak og veggjar har sannsynlegvis blitt måla opp att etter at fru Singer døydde. Det sørlige rommet er møblert med tunge mahognifarga møblar. Møblementet ber består av mellom anna to frittstående senger med høge gavlar, to høge kommodar med speglar eit bord og fleire lause stolar. Møblementet i det nordlige rommet er måla i ein blålilla farge og dekorert med blomemotiv. Dette består av mellom anna to senger, nattbord, ulike stolar og toalettbord med spegel. Guldfargen på veggane i begge gjesteromma har sannsynlegvis kome på eit seinare tidspunkt, moglegvis i samband med at første etasje vart oppussa på 1960-talet.

Opphavleg var resten av loftet sitt areal sett av til tørkeloft og loftsrom. Etter kvart vart loftsrommet brukt til atelier til husvenen Jaap Dooijeward. Etter at fru Singer døydde har dette rommet og delar av øvre hall og tørkeloftet blitt oppdelt til fleire soverom og eit ekstra bad.

Handlingsrom

I samband med bruk av villaen er det viktig at dei delane av planløyisinga, overflater, fast og laust inventar og gjenstandar som er bevart frå tida ekteparet Singer budde der vert bevart i stor grad slik det er i dag. Ein bør ikkje gjere endringar i desse romma. Mange av romma i villaen vart måla opp att på 1960-talet. Når det vert behov for oppussing av desse overflatene bør ein vurdere å tilbakeføre romma sine opphavleg overflater. Dette vil styrke Dalheim sin kulturhistoriske verdi, samstundes som eit mest mogleg autentisk hus vil bidra til å styrke Dalheim som merkevare.

I dei romma i loftsetasjen som er nye er det vår vurdering at handlingsrommet i forhold til planløyising og overflater er mykje større enn i resten av villaen. Her er dei kulturhistoriske verdiane i stor grad tapt i samband med førre ombygging og det er difor hensiktsmessig at om det er behov for ytterlegare endringar så har ein her større moglegheit til endringar utan at det går på bekostning av bygningen sin kulturhistoriske verdi.

Bungalow (1937)



Figur 8. Bungalowen med glasverandaen som danner inngangspartiet.

Bungalowen stod ferdig i 1937. Med bygginga av bungalowen fekk ekteparet Singer eit eige gjestehus til besøkande som kom langvegs frå og som vart buande der over tid. Komponisten Karl Gustav Sparre Olsen og kona hans, pianistinna Edith Davidsen, var gode vener med ekteparet Singer og besøkte dei fleire gonger. Under andre verdskrig budde dei i Bungalowen og dei besøkte fru Singer fleire gonger etter krigen.

Bungalowen er plassert eit stykke vekk frå hovudtunet og danner saman med vedhuset eit eige lite tun der vegen går mellom husa. Frå vegen er det sti opp gjennom hagen til bungalowen sin hovudinngang i glasverandaen. Ved å plassere den eit stykke vekk frå hovudtunet fekk gjestane her noko meir avstand til ekteparet Singer i hovudhuset og det var sannsynlegvis lettare å ha langtidsbuande gjestar i bungalowen enn i hovudhuset.

Eksteriør

Bungalowen er ein einetasjes bygning med loft som står i eit bratt skrånande terreng. I front er det ein høg kjellaretasje med ei dobbel ytterdør, medan det på baksida er dør rett ut i terrenget. Huset kledd med liggande panel og har ein innebygd glassveranda i gavlen mot villaen. Det opne mansardtaket tekka med betongstein er det elementet ved bygningen som tydelegast skil den frå dei fleste andre bustadhus i området. Dei småruta vindauga i bungalowen er av same type som på hovudhuset.

Interiør

Planløyisinga i bungalowen er i stor grad bevart. Kjellaren består av eit stort og eit mindre rom i mur som i hovudsak har pussa ytterveggar og innvendige deleveggar er i umåla panel og pussa mur. Av fast eldre inventar er ein vedfyrt bryggerkjele. Rommet vert brukt som lager.

Hovudinngangen til bungalowen er via glasverandaen som fungerer som eit mellomrom mellom inne og ute. Glasverandaen var opphavleg utan ytterdør slik at funksjonen som eit mellomrom mellom ute og inne var tydelegare enn i dag då det er sett inn ei ytterdør i dørøpninga. Frå glasverandaen kjem ein inn i stova som opptek heile huset si breidde på sida mot sør. Det er noko usikkert om romma i første etasje også har blitt måla om att etter at fru Singer døydde, men det er sannsynleg då dei i dag framstår med eit relativt moderne fargeskjema. Kjøkkenet i første etasje er av nyare dato. Dei av møblane som er frå ekteparet Singer si tid er viktige for opplevinga av bungalowen og må bevarast.

I loftsetasjen er planløyninga bevart og her er også moglegvis dei opphavlege/eldre overflatene bevart i dei fleste romma, samt interiørdetaljar som listverk og dører, og ein opphavleg/eldre vask på det eine soverommet. Badet har blitt modernisert i seinare tid og har såleis liten kulturhistorisk interesse. Unntaket er den gamle vedfyrte varmtvatns-tanken som framleis bevart på badet.

Handlingsrom

Bungaloven er svært godt bevart i både eksteriøret og interiøret. Det er her viktig at dei eldre/opphavlege overflater og planløyning vert bevart. I tillegg er det viktig at dei lause møblane og gjenstandane som knyter seg til ekteparet Singer si tid vert bevart. Kjøkken og bad er av nyare dato og har liten antikvarisk verdi, ei oppgradering av desse romma vil kunne gjerast utan at huset sin kulturhistoriske verdi vert forringa.

Viss det er behov for å oppgradere dei måla overflatene bør ein her gjere det som ei tilbakeføring av opphavlege overflater, noko som vi bidra til at huset sin kulturhistoriske verdi vert ivaretatt, samstundes som ein mest mogleg autentisk bungalow vil bidra til å styrke Dalheim som merkevare. Det vil og gje moglegheit til å kunne formidle til dei besøkande korleis gjestane på Dalheim vart tatt vare på og korleis ekteparet Sparre Olsen budde under krigen.

Tenarbustad



Figur 9. Tenarbustaden som ligg parallelt med hovudhuset.

Eksteriør

Tenarbustaden ligg like bak hovuhuset og er ein rektangulærbygning med saltak tekka med torv. Bygningen er kledd med liggande panel og har inngangsdør i begge gavlane. Vindauga er plassert i gavlane og på langsida som vender vekk frå hovudhuset. På langsida mot hovudhuset er det eit espalier til blomane som veks langs langveggen. Vindauga er smårutete slik vi finn det på hovudhuset og dei er plassert i gavlane og på langsida som vender vekk frå hovudhuset.

Bygningen sitt interiør består av to rom med kvart sitt mura kott. Det er ikkje innvendig dør mellom romma og kotta fyller heile veggen mellom dei.

Interiør

Huset var bustad for tenarane/drengane som arbeidde på Dalheim. Begge romma er like i utforming og er opne opp til røstet noko som gjev dei ein god takhøgde sjølv om bygningen i seg sjølv er forholdsvis låg. Interiøret består av måla panel og måla takhimling med synlege sperr. Golva er lakka og verkar til å vere av nyare dato.

Handlingsrom

Romma kan nyttast som soverom i stor grad slik dei er. Storleiken på kotta tilseier at det kan vere mogleg å lage toalett/bad i dei slik at kvart av soveromma får eige bad. Tenarbustaden ligg tett på villaen og det vil vere lett å bruke romma her i saman med fellesrom i villaen.

Kafé/matrom til tenarane



Figur 10. Kafeen med det overbygde inngangspartiet og trappa opp frå tunet. Til venstre er hjørnet på tenarbustaden.

Kafeen vart nytta som matrom for tenarane. Om sommaren var det mange menneske som arbeidde på Dalheim og det vart ikkje plass til at alle kunne ete på kjøkkenet. Kafeen var bygd like bak hovudhuset, ved sida av tenarbustaden, slik at det var kort veg frå kjøkkenet i hovudhuset til kafeen. I bakre del av bygningen er det eit rom som har hatt funksjon som eldhus.

Eksteriør

Kafeen ligg vinkelrett i forhold til tenarbustaden og er eit lågt langstrakt bygg. Grunna fall i terrenget er det ei trapp opp til inngangen i gavlen. I framkant av inngangsdøra er takutstikket trekt ut slik at ein her har ein liten terrasse med takoverbygg der avslutninga i gavlen har fått ein enkel dekor. Huset har ein høg mur i front som skrånar bakover med terrenget. Øvre del av huset er kledd med liggande panel, og saltaket er tekka med torv. Over mønet er det plassert ein liten takrytter for klokka som ein kunne kime med når det var mat.

Interiør

Matrommet er opent opp til røstet noko som gjev det ei god takhøgde. Innvendig er taket umåla, det same er dei panelte veggane, dører og vindaugskarmar er i dag måla kvite. Ytterdøra består av to dører ei utvendig fyllingsdør og ei innvendig fyllingsdør der den øvste fyllinga er open og det er trekt flugenetting over den. Under flugenettingen er det eit parti med fire små glas. Av fast inventar er det ein gamal vedkomfyr og eit eldre kjøkkenskap som heng på veggen. I tillegg er det ein oppvaskbenk som sannsynlegvis vart satt inn på 1960-talet. Det er og ein nyare varmtvatnstank.

Det bakre rommet har sannsynlegvis vore brukt til røyking av mat. Inngangen til det er via bakre gavlvegg i kafeen og dette rommet har ingen vindauga, kun ei luke i veggen. Veggane er panelte og deira svarte farge kjem av at rommet har blitt brukt til røyking av mat.

Handlingsrom

Kafédelen av bygningen er laga for matservering og det er framleis mogleg å nytte den til det for mindre grupper. Ved behov for oppgradering av bygningen er det viktig at dei umåla veggene og taket vert bevart slik dei er, saman med vedkomfyren og andre eldre bygningsdelar. Eldhusdelen bør også bevarast slik den er. Her kan ein eventuelt vurdere tilføyningar som gjer at ein framleis kan nytte den som eldhus på ein sikker måte. Nyare tilføyningar har mindre antikvarisk verdi og det er her større rom for å kunne fjerne, eventuelt erstatte, dei med nye.

Utedo og lager



Figur 11. Tilbygget med utedo og lager. Utedoen er bak det kvadratiske vindaugget. På det flate arealet til høgre stod opphavleg ishuset.

I forlenging av kafeen er det bygd eit tilbygg som inneheld ein utedo og eit lagerrom. Tilbygget er i reisverk og kledd med liggande panel. Saltaket er tekka med torv slik som på kafeen. På langsida er det to dører, ei inn til toalettet og ei inn til lageret. Døra til toalettet har ein kvadratisk lufteventil øvst. I gavlen er det eit lite kvadratisk vindauga som gjev lys inn til toalettet.

Innvendig er toalettet bevart slik det var opphavleg, med umåla panelte veggjar og toalettet er bygd i tre og måla i ein gyllenbrun farge. Lageret har ikkje innvendig panel, der ser ein rett på baksida av kledningen. Lageret er innreia med enkle umåla trehyller til oppbevaring av reiskap og liknande.

Handlingsrom

Tilbygget bør stå slik det er, lagerdelen fungerer framleis til oppbevaring av utstyr og liknande til hagearbeid. Toalettet gjev eit godt bilete på den sosiale skilnaden mellom dei som arbeidde på Dalheim og ekteparet Singer.

Stabbur



Figur 12. Det overbygde inngangspartiet ti lstaburet.

Stabburet er plassert med møneretninga vinkelrett mot baksida på tenarbustaden og vart nytta til oppbevaring av matvarer.

Eksteriør

Bygningen er ein enkel trebygning kledd med liggande kledning og eit saltak tekka med torv. Bygningen står på seks stabbar og ei kraftig steintrapp fører opp til inngangen i gavlen. Framfor inngangsdøra er veggane og taket trekt ut slik at det vert ein lite overbygd veranda her. På kvar side av den er det plassert store skap til oppbevaring av mat. Ei dobbel halvdør sperrer veranda delen frå trappa og øvste del av opninga i gavlen er enkelt dekorert med kvite lister.

Interiør

Interiøret består av eitt rom med synlege tømmerveggar og tregolv. Rommet er ope opp til røstet. Det faste interiøret består av enkle umåla trehyller til oppbevaring av mat. I tillegg til det faste interiøret er det bevart ein rekkje lause gjenstandar etter tida då ekteparet Singer brukte eigedomen.

Handlingsrom

Stabburet har ein høg kulturhistorisk verdi og må bevarast slik det er, ein bør ikkje gjere fysiske endringar i interiøret. Huset kan brukast til stabbur i framtida som ein del av drifta. Eventuelt kan ein nytte det til eit lite «privat» og eksklusivt frukostrom for til dømes dei som bur i tenarbustaden. Ein eventuell ny bruk av stabburet må gjerast på bygningen sine premisser for å unngå at den kulturhistoriske verdien vert forringa.

Driftsbygning 1932



Figur 13. Vestgavlen til låven

Fru Singer var svært opptatt av gardsdrifta på Dalheim og garden vart driven som eit mønsterbruk. I fylje Singer var mjølka på Dalheim dyrare enn champagne som ei fylje av måten dyra vart tatt vare på. Fjøsen med låve er ikkje ein tradisjonell norsk driftsbygning i utsjånad og vi ser her tydelege felles trekk med dei amerikanske låvebygningane, spesielt i val av takkonstruksjon.

Driftsbygningen er plassert eit stykke vest for tunet slik at drifta av den ikkje forstyrrar ekteparet Singer sin bruk av hagen rundt hovudshuset.

Eksteriør

Driftsbygningen består av ein underetasje i mur som inneheld fjøset og ein overetasje i reisverk. Den står i eit skrånande terreng og på nordsida går vegen i flukt med overetasjen. Her er det ein stor ark med ei dobbel dør inn til låven.

I fjøsdelen er det sett inn ei rekkje småruta vindauga, av same type som vi finn i dei andre husa i tunet, som slepp lys inn til dyra og dei som arbeider i fjøsen. Ytterdørene til fjøsen er labankdører som er delt om lag på midten slik at det er mogleg å kun opne øvste eller nedste del. Under fjøset er det ein møkakjellar og tilgangen til den er frå eit tilbygg på langsida mot sør med to labankdører.

Låven er bygd i reisverk og kledd med ståande panel. Panelborda er sett opp med ei glipe mellom kvart bord for å få god lufting slik at høyet held seg tørt. I tillegg er det ei stor lufteluke øvst i kvar av gavlane. I gavlen mot aust og på langveggen mot sør er det eit småruta vindauga av same type som vi finn elles i tunet. Taket er tekka med skifer og på mønet er ein liten takrytter av same type som på kafeen.

Interiør: Fjøs

Interiøret i fjøsen er bevart slik den var då det var gardsdrift på Dalheim. Fjøsen består av fleire rom både til dyr og til utstyr til drifta. Båsan til kyrne med nemneskilt er bevart samt mykje av det faste opphavlge interiøret. Fru Singer var svært opptatt av at dyra skulle ha det bra og kyrne hadde koksmatter som dei stod på. Fjøsen vart kalka innvendig og på sommaren vart det brukt ein skarp blåfarge som skulle halde flugene vekke. I fjøsen ser vi framleis att dei ulike laga med kalt i både kvitt og blått. I tillegg til faste gjenstandar i fjøsen er det også bevart lause gjenstandar som vart brukt i gardsdrifta, mellom anna ein rotfrukt-kuttar som vart brukt til å kutte opp neper til fôr for kyrne.

Interiør: Låve

Låven er delt inn i to rom, med eit lite verkstad ved sida av inngangsdøra og resten av låven som eitt stort ope rom. Rommet er ope opp til røstet og takkonstruksjonen er synleg og alle overflater er umåla. Verkstadrommet er innreia med enkle veggfaste hyller i tillegg til ein laus høvelbenk

Handlingsrom

Låven og fjøset er godt bevart frå den tida ekteparet Singer dreiv gard her og har ei høg grad av autentisitet. Fru Singer hadde sterke meiningar om korleis drifta skulle gjennomførast og kva fysiske rammer som skulle vere rundt dyra og deira stell. Fjøsen var svært moderne og kyrne her hadde andre levkår enn det som var vanleg på gardane i Noreg på denne tida

Fjøsen og låven har ein høg kulturhistorisk verdi og må bevarast slik den er. Her må ein planlegge ny bruk ut i frå korleis romma er utan å gjere endringar i dei. Fjøsen kan kalkast på nytt slik at romma vert meir bruksvenlege og innbydande.

Låven kan nyttast som lager til ulike gjenstandar slik som i dag. Det er og mogleg å samle dei kulturhistorisk verdifulle gjenstandane som i dag er lagra i vedhuset her dersom ein skal gjere endringar i bruken av vedhuset. Både låven og fjøsen kan nyttast til utstillingar og loven til for eksempel konsertar eller andre førestillingar utan at ein treng å gjere endringar i bygningen. Skal bygningen ha ny bruk må tilpassinga gjerast gjennom tilføyningar i interiøret, fortrinnsvis ved bruk av lause gjenstandar.

Vedhus



Figur 14. Vedhuset sett frå vegen.

Vedhuset er plassert ved bungalowen eit godt stykke vekk i frå tunet til hovudhuset. Opphavleg var det også bygd drivhus her. Eitt som ei forlenging av langveggen til vedhuset og to som stod frittstående vinkelrett på vedhuset. Utanfor drivhusa og vedhuset var det opphavleg grønsaksåkrar som var ein del hushaldet på Dalheim.

Eksteriør

Vedhuset er plassert ved vegen med møneretning aust/vest. Det er eit hus i ein etasje plassert på ein høg kjellar. Grunna det skrånande terrenget er inngangsdøra i gavlen mot aust i flukt med vegen, samstundes som kjellarveggen i vestgavlen er i ein heil etasje. Grunnmuren er i pussa mur og huset i reisverk er kledd med liggande panel. Saltaket er tekka med skifer. Ytterdøra til vedhuset er på gavlsida mot vegen, og er ei dobbel labankdør. På kvar av langveggane og i gavlen i front er det to-rams vindauga med tre ruter i kvar ramme. Val av vindaugstype skil vedhuset frå dei andre bygningane i tunet, der dei smårutavindauga er eit gjennomgåande trekk.

Langs veggen mot nord er det laga ei utvendig hylle til oppbevaring av fiskestenger.

Interiør

Vedhuset består av eit enkelt rom som dekker heile hovudetasjen og der ein har tilgang til loftsetasjen ved bruk av stige frå hovudetasjen. Kjellaren er delt inn i fleire rom, mellom anna eit maskinrom for aggregatet som sytte for straum til hovudhuset og drivhusa, samt eit eige bad til gartnaren.

Kjellaren er i mur og fleire av vindaugsopningane på langveggen mot nord har ikkje vindauga med er dekkja med eit gitter i tre som gjev god lufting til kjellaren. Badet er i pussa mur som er måla og

maskinrommet er i mur med synleg murstein og ytterveggar i mur. Maskinrommet har eit småruta vindauga. Aggregata, bensintankar og sikringstavlene er framleis bevart og dette rommet har ei svært høg grad av autentisitet.

Hovudetasjen på vedhuset er med synleg reisverk og baksida av ytterkledningen er synleg. Rommet har tre-golv, synlege bjelkar i taket og himlinga er undersida av loftsgolvet. Ved ytterdøra er det ein stor opning som det ikkje er lagt loftsgolv over. Av fast inventar er det nokon enkle veggfaste trehyller.

I vedhuset er det lagra ei rekkje lause gjenstandar knytt til drifta av Dalheim, mellom anna tønner som tidlegare stod under takrennene for å samle opp vatn til plantene, gjerder, portar og espalier. Dette har vore ein viktig del av utomhusmiljøet på Dalheim og dei utgjør eit interessant kjeldematerial til hagen.

I tillegg er materialane etter Olden stavkyrkje lagra i vedhuset. Ei ordning som kom i stand i samråd med Riksantikvaren på 1960-talet.

Handlingsrom

Vedhuset har ei høg grad av autentisitet og var ein viktig del av drifta av Dalheim. Konstruksjonen er enkel og det består i hovudsak av eitt rom. Vi ser at her er det mogleg å kunne tilrettelegge for ny bruk gjennom tilføyingar. Bygging av rom inne i rommet til for eksempel nye soverom vil kunne gjerast utan å forringe dei kulturhistoriske verdiane i for stor grad. Ved å gjere dette vil ein ikkje lenger kunne oppleve vedhuset som eit vedhus, men det kan gjerast som eit kompromiss mellom tilrettelegging til ny bruk og bevaring av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget.

Viss ein vel å tilrettelegge vedhuset til anna bruk er det viktig at ein finn ein trygg lagringsplass for dei lause gjenstandane som i dag er lagra der. Dette gjeld spesielt gjestnadar knytt til uterommet og dei freda materiala etter Olden stavkyrkje. Ein alternativ lagringsplass for desse gjenstandane kan vere låven.

Jordkjellar



Figur 15. Inngangsdøra til jordkjellaren bak hagemuren.

I muren ved hovudhuset er det bygd inn ein jordkjellar til oppbevaring av mat. Inngangen er via ei dobbel labankdør kled med skråstilt panel. Sidene av døra og overbygget er i betong. Resten av jordkjellaren er skjult bak bakkemuren til hagen.

Studio (1914)



Figur 16. Studio med det karakteristiske ateliervindauga og hyllene til fiskestenger og agn. Foto frå 2015.

Studio var ikkje del av synfaringa 6. juni 2016, men fylkeskommunen har vore på synfaring der tidlegare, mellom anna hausten 2015.

Den første bygningen Singer fekk reist i Olden var atelieret som vart omtala som Studio. Dette fekk han bygd i 1914. Studio er ein halvannan etasjes bygning i reisverk, med halvvalmtak, kledd med liggande kledning. Huset har i tillegg fleire mindre tilbygg. Det mest karakteristiske ved huset er det store vindauga til atelierer. Under ateliervindauget er det ei langstrakt hylle til fiskestang og agn, noko som viser til Singer si interesse for laksefiske.

Innvendig er planløyisinga i hovudsak bevart og mykje av Singer sitt utstyr er bevart. Studio gjekk gjennom ei større istandsetjing i 1979 og i den samanhengen vart også atelieret sine overflater endra som eit ledd i arbeidet med å gjere det til utstillingslokale. Det vart mellom anna lagt nålefilt på golvet og veggane vart trekt med strie. I 1988 vart det starta arbeid med å etablere ei permanent utstilling i Studio og atelieret framstår i dag i sannsynlegvis slik det vart tilrettelagt då.

Handlingsrom

I Studio kjem vi til kjernen av Singer sitt virke i Olden. Den store motivkretsen som landskapet i Olden gav han var svært viktig for han som kunstnar og avgjerande for at ekteparet Singer slo seg ned her. Studio fungerer i dag som eit museum for Singer sin kunst og det bør det også fortsetje med i framtida. Bygningen har ei høg grad av autentisitet og det er viktig at denne vert bevart. Om det er behov for å gjere utbetringar i atelieret så bør ein her vurdere ei tilbakeføring av det til slik det var då Singer brukte Studio. Dersom ei tilbakeføring vert aktuelt er det viktig at ein først gjer eit grundig dokumentasjonsarbeid slik at den vert tilbakeført på sikkert grunnlag.

Gravkapell (bygd eit par år etter krigen)



Figur 17. Gravkapellet sett frå Studio. Foto frå 2015.

Gravkapellet var ikkje ein del av synfaringa 6. juni 2016, bygget har vore synfart utvendig i 2015.

Då Singer døydde i 1943 ynskte fru Singer at han skulle balsamerast og ikkje begravast. Etter balsameringa vart liket oppbevart på Nordfjordsjukehus i nokon år i eit lite kapell som var bygd inntill sjukehuset. Nokon år etter krigen vart gravkapellet ved Studio bygd og han vart frakta dit.

Gravkapellet er ein enkel rektangulær bygning i murstein i ein etasje, med saltak tekka med skifer. Bygningen er kvitmåla med ei raudbrun dør. I døra si øvre fylling er det eit enkelt glasmaleri. Innvendig var det plass til eit lite alter samt kistene til ekteparet Singer. Då fru Singer døydde i 1962 vart ho balsamert og frakta til Dalheim der kista henna er plassert i gravkammeret saman med Singer.

Bygningar i tunet som i dag er vekke

Tidlegare var det nokon fleire bygningar i tunet knytt til drifta av Dalheim. Mellom kafeen og stabburet var det eit eige ishus, noko som var nyttig i tida før ein fekk kjøleskap. I tilknytning til vedhuset var det sett opp fleire drivhus, eitt som ei utviding av langveggen og to som låg vinkelrett på vedhuset.

Ishuset

Ishuset var oppbevaringshus for is som vart henta ned til Dalheim om vinteren og nytta til å kjøle ned matvarer i løpet av sommarhalvåret. Det har ikkje lukkast å finne foto som syner ishuset, men det er spor etter det i grunnen og det lever framleis enkeltpersonar som hugsar det og kan gje ei skildring av korleis det såg ut. Sannsynlegvis vil det vere moglegheit til å finne foto av bygningen.

Drivhusa



Figur 18. Foto henta frå William H.

Singer. Kunstnaren og samfunnsmennesket - Lokalhistorisk skrift frå Olden-

Drivhusa var ein del av anlegget på Dalheim og det var tilsett eigen gartnar som tok seg av plantene. I tilknytning til drivhuset var det grønsaksåkrar ute i friluft. Dei var ein viktig del av livet på Dalheim og her vart det dyrka mykje av grønsakene som vart brukt i huset, samt blomar til hagen. I grønsaksengene var merkinga av plantene på engelsk.

Moglegheitsrom sett i forhold til hus som i dag er vekke

I møtet 13. mai 2016 vart moglegheita for å setje opp nye bygningar i tunet drøfta. Då tunet i dag framstår som svært heilskapleg og utan store nye endringar har det ei høg grad av autentisitet og er ei unik kjelde til kunnskap om livet på Dalheim. Dette gjer at ein etter fylkeskommunen si vurdering må være svært varsam med å setje opp nye bygningar i tunet. Ishuset og drivhusa er bygningar som tidlegare var ein del av anlegget men som i dag er vekke. Såleis representerar dei ei moglegheit ved at ein her kan gjenoppføre bygningane og gje dei eit nytt innhald. Viss ein skal gjenoppføre nokon av desse bygningane kan dette gjerast i form av ein eksteriørkopi. Eit alternativ til eksteriørkopi er å bygge ein moderne bygning som i plassering, form og volum føl de bygningane som i dag er vekke men som i detaljane er meir fristilt. Om ein vel ei slik løysing er det viktig at nye bygningar underordnar seg og vert godt tilpassa dei øvrige bygningane i tunet.

Oppsummering

Anlegget på Dalheim har svært stor kulturhistorisk verdi. Det er dei synlege minna etter ei svært spesiell tid i Olden og etter eit ektepar som bidrog stort til samfunnsbygginga i Nordfjord, både ved å vere ein stor arbeidsgjevar, samt donasjonen av Nordfjord sjukehus og forskotteringa for vegen mellom Olden og Innvik. I tillegg var William H. Singer ein kjend og dyktig kunstnar. Husvenen Dooijeward sette gjennom sin verksemd som kunstlærer også preg på mange talentfulle unge menneske i området. Ved at ekteparet Singer etablerte seg i Olden brakte dei også med ein del av kunstverda, og europeiske og amerikanske skikkar hit.

På bakgrunn av den spesielle historia og bygningane sin høge grad av autentisitet vert tunet vurdert til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og til å vere i fredingsklasse. Anlegget utgjer ei unik kjelde til kunnskap om denne spesielle tida i Olden og korleis eit enkelt ektepar her har vore med å forma utviklinga i Nordfjord, då spesielt gjennom bygginga av sjukehuset på Nordfjordeid og forskotteringa av kostnadane ved å bygge vegen Olden-Innvik i ei tid med mykje arbeidsløyse.

Den spesielle historia og det godt bevarte anlegget er ein stor ressurs i stiftinga sitt vidare arbeid med å utvikle Singerheimen innanfor turisme. I arbeidet med å utvikle anlegget er det vårt råd at dette vert gjort på anlegget sine premisser slik at dei kulturhistoriske verdiane i det vert ivaretatt og brukt på ein god måte.

I forhold til å tilpasse anlegget til ny og utvida drift, kan vi på generelt grunnlag sei at dei delane av anlegget der det er gjort endringar etter at fru Singer døydde har ein lågare kulturhistorisk verdi enn dei delane som framleis er bevarte. På bakgrunn av dette må ein etter vår vurdering være særst forsiktig med å gjere endringar på dei bygningane eller delar av bygningane som ikkje har blitt endra etter 1962.

Dersom det er overflater i villaen eller bungalowen som har behov for oppgradering er vårt råd at ein då tilbakefører romma sine overflater til slik dei var før 1962. Dette må gjerast på ein godt dokumentert måte og dersom dette vert aktuelt er det viktig å knyte til seg dyktige fagpersonar og gjere ei arbeid med å få dokumenter korleis romma har vore.

Under omtale av dei enkelte bygningane er det gitt ei skisse over kva handlingsrom ein har i tilhøve dei kulturhistoriske verdiane i anlegget og kvar det kan vere mogleg å gjere kompromiss utan for stort tap av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget. Drivhusa og ishuset som tidlegare stod på eigeidomen representerar eit moglegheitsrom i forhold til nybygg i tunet om dette er aktuelt.